Likevel er ikkje ei slik einseitig kostnadsauke tilfredsstillande for dei som utgreier, kvalitetssikrar eller tek formelle avgjerder. Kostnadsauke som skildra over kan gjere langtidspanar som NTP lite realistiske. Politiske avgjerder kan verte tatt på feil grunnlag. Dette kan i verste fall innebere eit demokratisk problem. Problemet vert forsterka ved at den reelle avgjerda om gjennomføring av eit prosjekt i realiteten gjerne takast på eit tidlegare tidspunkt enn det formelle avgjerdspunktet. Konseptvalutgreiinga (KVU) tilrår så godt som aldri nullalternativet (Volden mfl., 2023). Dei fleste prosjekt som går gjennom KS1 vert vidareførte til forprosjektfasen (Grindvoll, 2015). Ydersbond mfl. (2023) intervjuar 21 representantar for regjeringsapparatet og Stortinget, og viser til at fleire av informantane meinte at den reelle avgjerda om å investere vart tatt tidleg i prosessen, etter KVU og før KS1. Det tilseier at dei tidlege kostnadsestimata burde vore meir forventningsrette enn kva situasjonen i dag synest å vere.

Mellom forskarar internasjonalt går det føre seg intense diskusjonar om årsaka til at kostnaden i komplekse prosjekt aukar gjennom den tidlege prosjektutviklinga. Er det bevisst undervurdering av kostnadene frå start, eller er det alle dei mange endringane i den tidsperioden eit prosjekt vert utvikla og gjennomført? Viss ein ikkje undervurderer kostnaden, er det då dårleg styring som er årsaka til kostnadsutviklinga gjennom prosjektet sitt livsløp? Faktum er i alle fall at det typisk opptrer monaleg kostnadsauke i dei tidlegaste fasane av prosjekt, og ingen har hittil kunne forklare eintydig kva som er årsaka.

Utfordringa med kostnadsauke i tidlegfase av prosjekta har fått aukande merksemd det siste tiåret også i Noreg. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2017, vart nye krav om fastsetting av styringsmål og føring av endringslogg innførte i Statsbygg, Statens vegvesen og Jernbanedirektoratet med Bane NOR. Dette vart vidare følgt opp i eit eige avsnitt i rundskriv R-108/19 i kapittel 5.8 *Endringslogg og styringsmål* (Finansdepartementet, 2019). Dei konkrete resultatane av desse endringane

er foreløpig ikkje kartlagde. Desse to endringane er knytte til styring av kostnadene, noko som føreset at ein har eit realistisk estimat å styre ut frå.

## 1.2 Mål og avgrensingar for studien


Denne studien freistar å bidra til meir kunnskap kring korleis ein skal kunne utvikle meir realistiske estimat i den første delen av tidlegfasen, det vil seie gjennom KVVU og fram til KS1. Realistisk betyr det i denne samanhengen at estimatet er dekkande for behovet og på det aktuelle tidspunktet. Føremålet med estimatet og situasjonen på tidspunktet er viktige aspekt.

I eit praktisk perspektiv, ynskjer vi å gi meir innsikt i kva som kjenneteiknar kostnadsestimeringsprosessen i tidleg fase, og kva for praksisar som faktisk nyttast for å sikre korrekt og tilstrekkeleg informasjon for å gjere realistiske estimat. Frå eit teoretisk perspektiv ynskjer vi å gje ei god oversikt over kva estimeringsmetodar som finst og korleis dei kan bidra til god estimeringspraksis i tidlegfasen – no og i framtida.

Vi ynskjer å svare på desse forskingsspørsmåla:

1. Korleis skal vi kunne sikre riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag for realistisk kostnadsestimering i den tidlegaste fasen?
2. Kva metodar er i stand til å gi oss realistiske estimat trass i høg grad av kompleksitet og usikkerheit?

Figur 1-2 viser ei skisse av studieopplegget. Kort fortalt har vi gjennomført ein kombinasjon av litteraturstudium og empiriske undersøkingar gjennom dokument, intervju og arbeidsseminar med deltaking frå ekspertar på kostnadsestimering.



Figur 1-2 Opplegget for studien inneheld fire ulike tema.

Denne studien er avgrensa til offentlege prosjekt som fell inn under Statens prosjektmodell. Likevel vil funna kunne vere like relevante for prosjekt i statleg eigde føretak som fell utanfor ordninga (til dømes selskap med sektorpolitiske mål som staten eig i sin heilskap og som har prosjekt med stor tyding for samfunnet). Funna vil også vere nyttige i privat sektor. Det er ikkje noko i litteraturen eller praksisen som tilseier at privat sektor er annleis enn offentleg sektor når det gjeld temaet som er omhandla i denne rapporten.

Rapporten fokuserer berre på kostnadssida. Vi drøftar ikkje omsyn knytte til nyttesida av prosjekta, utover å presisere konseptvalet si tyding for samfunnsmessig nytte. Likevel er det viktig å hugse at også nyttesida må estimerast og derfor vil dei metodiske utfordringane også gjere seg gjeldande der. Vidare verken vurderer eller validerer vi verktøy for kostnadsestimering i denne studien.

Sjølv om kostnadsestimering omhandlar utvikling av grunnlag for styring tek ikkje denne rapporten føre seg styring som tema. Metodar for detaljerte estimat i gjennomføringsfasen er heller ikkje i fokus her. Studien er med vilje avgrensa til å sjå på kostnadsestimering i tidlegfase. Mange av prinsippa og tilrådingane vil likevel vere relevante i seinare fasar.

I kapittel 2 gir vi ein kort presentasjon av den teoretiske bakgrunnen for tidlegfasen og kostnadsestimering i denne delen av eit prosjekt. I kapittel 3 presenterer vi ei oversikt over metodar innanfor kostnadsestimering. Her går vi inn det grunnleggande om estimering, og vi ser på generelle utfordringar og

utfordringar knytte til estimering i ulike prosjektfasar. Kapittel 4 skildrar metodisk tilnærming for denne studien. Kapitla 5,6, 7 og 8 kan relaterast til Figur 1-2 og dei tema som er skildra her. Kapittel 5 handlar om det som er skildra som Tema I: «Kva seier den vitskaplege litteraturen?» -som er resultatata frå litteratursøket vi har gjort. I kapittel 6 går vi vidare til å seie noko om Statens prosjektmodell og kostnadsestimering, og praksisar og retningslinjer for kostnadsestimering i ulike etatar, tilsvarande Tema II. Kapittel 7 presenterer dei empiriske funna, som hovudsakleg kjem frå intervju og seminar, tilsvarande Tema III om gjeldande praksis i prosjekta. Til slutt gjer vi nokre avsluttande refleksjonar kring funna opp mot teorien, før vi kjem med tilrådingar og konklusjon, som dekker Tema IV om prinsipp og framlegg til betre estimeringspraksis.

## 2 Teoretisk bakgrunn

I dette kapitlet gir vi ei kort skildring av kva som karakteriserer tidlegfasen, og seier vidare litt om kva som finst i litteraturen om kostnadsestimering generelt i denne fasen av prosjektet.

### 2.1 Generelt om tidlegfasen -teori om kontekst

Tidlegfasen i eit prosjekt er kompleks og prega av lite tilgang på informasjon og stor usikkerheit (Williams mfl., 2019). Usikkerheit er vidare eit samansett omgrep. I prosjektsamanheng, ser vi ei inndeling der usikkerheit hovudsakleg er knytt til sjølve prosjektgjennomføringa (operasjonell usikkerheit), eller til prosjektet sine omgivnader (kontekstuell usikkerheit) (Christensen og Kreiner, 1991). Andre kjelder til usikkerheit er knytte til analysar og analysemodellar (konseptuell usikkerheit) og usikkerheit knytt til mål og kriterium og reglar for avgjerder (scenariell usikkerheit) (Austeng mfl., 2010). Alle desse kjeldene til usikkerheit spelar inn når ein skal gjere konseptuelle val for å gjere det rette prosjektet (Williams og Samset, 2010), som er hovudmålsetjinga med tidlegfasen. Usikkerheit er også uttrykt som mangel på informasjon for å kunne ta den rette avgjerda (Galbraith, 1979).

Det finst ingen eintydig definisjon av kva tidlegfasen er, og definisjonen av tidlegfasen er avhengig av korleis prosjektet er definert (Williams mfl., 2019). I hovudsak vert tidlegfasen oppfatta som anten den perioden prosjektet vert forma, eller så oppfattar ein at prosjektet først startar når tidlegfasen er ferdig. Uavhengig av korleis ein ser på dette, så presiserast tydinga tidlegfasen har for langsiktig projektsuksess i begge tilnærmingane. Morris (2009) viser til at det ofte vert investert for lite tid i prosjekt sin tidlege fase, noko som er uheldig for definisjonen av prosjektet.

Vidare bør ein projekteiar sjå på eit prosjekt som del av ein heilskap og ut over sjølve gjennomføringa for å realisere tenkte verdiar og gevinstar (Morris, 2009). Dette stemmer overeins med den generelle utviklinga innanfor projekteiingsfaget, der ein over dei siste tiåra har sett ei rørsle frå instrumentell leiing og fokus på produktleveransen til ei meir dynamisk tilnærming som betre kan handtere kompleksitet, og som har større fokus på verdiskaping og gevinstar (Walker og Lloyd-Walker, 2016). Gitt naturen til tidlegfasen, er dynamiske framgangsmåtar særskilt viktig her, og kreativitet og utforsking er naudsynte tilnærmingar for å innfri føremålet og vidare legge til rette for vidareføring av

prosjektet i seinare fasar (Morris, 2013; Ika og Bredillet, 2016). Noko som kan hindre ei slik dynamisk tilnærming, er sti-avhengigheit. Sti-avhengigheit tyder å gjere som vi har gjort før og ta dei same vala trass i at desse ikkje treng vere rasjonelle, og kan kome som eit resultat av at aktørane i prosjektet brukar egne erfaringar og har egne preferansar (Samset mfl., 2014). Slik kan ein misse heilskapsperspektivet som vidare kan påverke konseptvalet, og som til slutt kan forringe prosjektet sin strategiske suksess. Sti-avhengigheit er også ein av faktorane som gjer at tidlegfasen er meir mottakeleg for det Flyvbjerg (2009) refererer til som «problematic behaviour», som har negative følgjer for planlegginga og vidareføringa av prosjektet. For å imøtegå dette, viser Flyvbjerg (2009) til å nytte «outside view» for på best mogleg måte å gjere ei realitetsorientering av prosjektet.

Den usikre konteksten ein står i kan også føre til det som er kalla ankringseffekten, og som er ein «bias» som oppstår når ein stolar for mykje på einsidige eigenskapar eller berre på delar av informasjonen ein har tilgjengeleg (Flyvbjerg, 2021; Tversky og Kahneman, 1974). I følgje Flyvbjerg (2021) er ankring ein sær vanleg «bias», og beste måten ein kan handtere denne på, er å sørge for at ein ankrar i relevant informasjon før ein tek ei avgjerd.

Den kontekstuelle usikkerheita som pregar tidlegfasen, gjer at utbyttet av rasjonelle analysar og planlegging har avgrensa verdi. Dette fører vidare til at hovudutfordringa i tidlegfasen vert å navigere i denne usikkerheita og kompleksiteten gjennom å skape eit realistisk overblikk over situasjonen, for så å kunne definere ein passende prosjektstrategi og vidare kunne møte behov og krav som initierte prosjektet i utgangspunktet (Samset, 2010).

## 2.2 Generelt om tidlege kostnadsestimat i litteraturen

Vitskapleg litteratur kring kostnadsestimering og kostnadsauke i tidlegfase er ikkje så omfattande samanlikna med litteratur og forskning som omhandlar seinare fasar i (offentlege) prosjekt. Dette heng truleg saman med at prosjektfaget tradisjonelt har hatt eit sterkt fokus på gjennomføring. Tidlegfasen har likevel kome opp som ein avgjerande del av prosjektet si utvikling og derfor kome meir til syne i prosjektfaget dei seinare åra. Metoden for gjennomføring av eit systematisk litteratursøk er dokumentert i kapittel 4 av denne rapporten.

Det finst mange studiar om kostnadsoverskridingar i offentlege prosjekt i internasjonal litteratur. Ofte peikar kjeldene på kostnadsoverskridingar og behovet for betre kostnadskontroll, strengare styring. Andre kjelder er opptatt av suksessfaktorar i prosjekt og peikar på slikt som realistiske kostnadsoverslag,

handtering av risiko og usikkerheit. Andre igjen er opptekne av korleis ein tek avgjerder i slike prosjekt, og kva som påverkar dette. Felles for dei fleste er at datamaterialet frå litteraturen som dokumenterer kostnadsoverskridingar, er basert på budsjett som er fastsette ved oppstarten av prosjektet sin gjennomføringsfase heller enn i den tidlegaste fasen. Døma som er lista opp i det følgjande, dannar likevel eit bilete av at kostnadsestimering i dei tidlegaste fasane er ei stor utfordring internasjonalt.

Eit naturleg startpunkt er metastudien til Morris og Hough (1987), der dei gjekk gjennom internasjonale studiar av kostnadsoverskridingar i prosjekt frå 1970- og 1980-talet. Studien dekte fleire prosjekt på tvers av land (Storbritannia/Europa), og resultatane viste at overskridingar i storleiksorden 40-200 prosent var regelen snarare enn unntaket. Nyare studiar viser også at store kostnadsoverskridingar framleis er vanlege i offentlege investeringsprosjekt. Til dømes har Miranda Sarmiento og Renneboog (2017) funne ei gjennomsnittleg kostnadsoverskriding på 24 prosent i eit utval av 243 offentlege infrastrukturprosjekt i Portugal. Eit anna døme er Love mfl. (2017), som fann gjennomsnittleg kostnadsoverskriding på 23 prosent i 16 australske jernbaneprosjekt. Cantarelli mfl. (2013) og Lundberg mfl. (2011) fann også kostnadsoverskridingar i infrastrukturprosjekt, men noko mindre enn for dei andre studiane, med høvesvis 16,5 og 15 prosent. Odeck (2019) sine resultat frå ein metastudie av litteratur om kostnadsoverskridingar, peikar på at overskridingar snarare enn underforbruk er vanleg (34 prosent overskriding i gjennomsnitt). Ein interessant observasjon i denne studien, er vidare at overskridingane har minka over tid, noko som står i kontrast til funna i Flyvbjerg mfl. (2002).

Årsakene til kostnadsoverskridingar er mange og komplekse. I studiar gjorde av Flyvbjerg mfl. (2002) og Cantarelli mfl. (2013), er slike årsaker delte inn i fire kategoriar: *tekniske*, *økonomiske*, *psykologiske* og *politiske*.

- *Tekniske* årsaker inkluderer feil i prognosane, utilstrekkelege data, endringar i omfang, 'ærlege feil' og ibuande problem med å kunne føreseie framtida.
- *Økonomiske* årsaker dreiar seg om bevisst underestimering basert på manglande insentiv eller mangel på ressursar, men kan også stamme frå strategisk åtferd.
- *Psykologiske* årsaker handlar om ibuande overoptimisme, og vil også resultere i undervurderte kostnader.
- *Politiske* årsaker handlar om ei bevisst undervurdering av kostnader for å få i gang eit prosjekt.

Det er gjort ulike studiar både nasjonalt og internasjonalt innanfor denne tematikken, men ein har ikkje funne eit eintydig dokumentert svar på kva for ei av desse årsakene som veg tyngst, eller kva for tiltak som vil gi størst effekt.

## 3 Oversikt over metodar innanfor kostnadsestimering

Føremålet med dette kapittelet er å samle ei oversikt over ulike måtar å estimere på, som grunnlag for strukturert drøfting av temaet. I tillegg ser vi på sterke og svake sider ved dei kjende metodane som brukast i tidlegfasen.

### 3.1 Grunnleggande om estimering

Estimering er ein viktig funksjon i all planlegging og styring. Omgrepet estimat står for å gjere overslag av ein ukjent storleik på grunnlag av innsamla faktagrunnlag og eventuelt statistikk (Bjørnstad, 2018). Ein må forstå at eit estimat er uttrykk for vurdering av gitte eigenskapar ved objektet ein estimerer og føremålet med estimeringa. Estimatet er ikkje ein plan eller eit mål, men ei meining som er danna gjennom å studere det tilgjengelege informasjonsgrunnlaget. Ein grunnleggande del av estimeringa er å erkjenne usikkerheit.

Generelt er estimering ei analytisk tilnærming for å utvikle underlag for å ta avgjerder. Det grunnleggande i dette kapittelet vil gjelde for estimering av alle kvantitative storleikar, anten dei uttrykker verdi, tid, mengde eller andre spesifikke dimensjonar av eit prosjekt. Her skal vi fokusere på estimering av kostnader. Det er ikkje plass til å gå djupt inn i detaljerte drøftingar av matematiske eller statistiske omgrep.

Framstillinga i dette kapittelet er ikkje avgrensa til berre å gjelde tidlegfase, men mot slutten skal vi sjå nærare på estimering i tidlegfase. Fordi det er mange måtar ein kan estimere på, skal vi sjå på dei sterke og svake sidene ulike tilnærmingar (metodar, teknikkar) har i høve til å utarbeide eit godt kostnadsestimat i tidlegfase av eit prosjekt<sup>1</sup>.


---

<sup>1</sup> Grunnlaget for kapittelet er henta frå kapittel i ei bok om *Target Value Delivery* (Torp mfl., 2023), som igjen bygger på arbeidet til Barakchi (2016). Framstillinga er tilpassa føremålet til denne rapporten. Grunnlaget for dette kapittelet er hovudsakleg teori og litteratur, men også erfaring frå praktisk estimeringsarbeid. Likevel understrekar vi at dette kapittelet ikkje er basert på intervju som er gjennomførte i denne studien.

## Estimering som system – ein enkel modell

Estimering er ein krevjande prosess. Det er ikkje noko ein kan trylle fram ved å trykke på ein knapp. Estimering krev spesialkompetanse og erfaring, både om det som skal estimerast og om korleis estimeringa skal gjennomførast. Likevel er det verken kunnskap om objektet (det som skal estimerast) eller estimeringsteknikken (sjølve estimeringsmetoden eller verktøybruken) som er det mest krevjande i ein estimeringsprosess. Vi skal kome attende til dette seinare. Vi nyttar den enkle systemmodellen i figur 3-1 til å forklare logikken og nokre enkle omgrep som vil vert nytta vidare.

I denne prinsipielle gjennomgangen skal vi nøye oss med å etablere nokre få grunnleggande omgrep, og så kjem vi attende til dei praktiske nyansane seinare. Første steget i estimering, er at nokon bestiller eit estimat. Vi kan kalle det bestillaren, og innser at i prosjektsamanheng vil dette ligge til eigarfunksjonen. Den som tek imot bestillinga, og er ansvarleg for å estimere, kan vi kalle estimatoren. I prosjekt er dette ein funksjon som anten ligg i den permanente organisasjonen (etaten) eller i den temporære organisasjonen (prosjektet). I dette kapittelet ser vi kostnadsestimering frå estimatoren sitt perspektiv.



Figur 3-1 Enkel systemmodell for estimering

Figur 3-1 viser eit forenkla system med ein (estimerings-) prosess og eit (estimerings-) resultat. Kvite piler markerer vilkår som bestillaren eller verda vi lever i (naturen) bestemmer. Poenget er at desse er utanfor estimatoren sin kontroll. Dei mørke pilene derimot, har estimatoren kontroll på.

Ved oppstart av estimeringsprosessen (uansett kva fase eller steg i utviklinga ein ser på), set bestillaren opp eit sett med vilkår for estimatet. Det viktigaste vilkåret er kva estimatet skal brukast til. Dernest er alle dei rammer og krav som vert definerte ved start avgjerande for den vidare estimeringa. På same måte gjer estimatoren sine egne vurderingar og føresetnader ved start. Kjem ein feil ut her,

så er det sjølvsagt vanskeleg å sjå føre seg at resultatet vert vellukka. Når vi i det etterfølgjande skriv om gode estimat, meiner vi estimat som er eigna for det føremålet dei er bestilt for, og realistisk dekkande for situasjonen både med tanke på kostnadsnivå, kompleksitet og usikkerheit.

Det er estimatoren som har ansvaret for sjølve estimeringsprosessen. Gjennom denne prosessen, må estimatoren bruke ressursane sine effektivt for å skaffe fram eit godt estimat. Ressursane består av spesialkunnskap om estimering, kunnskap om korleis føremålet med estimeringa best kan støttast opp under, kunnskap om det som skal planleggast (objektet) og data som trengs for å utvikle eit godt estimat. Alle desse punkta kan vere vanskelege å innfri, og det krevst tilstrekkeleg med tid til å gjere det skikkeleg.

Estimeringsprosessen er ein modningsprosess som medfører at estimatoren må stille kritiske spørsmål til dei føresetnadene og vilkåra som er presenterte. Dette medfører ofte justeringar i desse føresetnadene, behov for å hente inn ny informasjon om forholda og situasjonen og nye kalkulasjonar i ei iterativ arbeidsform. Nokre gongar kan ein estimator definere gitte vilkår, setje opp eit reknestykke og raskt kome opp med svar. Dette krev at situasjonen er enkel og oversiktleg, at objektet er veldefinert og føremålet med estimeringa velkjent (vanleg).

Estimeringsprosessen har fire ulike steg som vi kjem attende til i meir detalj seinare. Første steg er å vurdere tilgjengeleg informasjon, startvilkår og grunnlaget for å velje ein eigna metodikk for estimeringa. Det er mange metodar å velje mellom, så dette skal ein ikkje ta lett på. Dernest må ein setje opp ein modell (eit reknestykke) som vil representere kostnaden på ein god måte med den valde metoden. Det tredje steget, er å vurdere tilgjengelege kostnadsdata, velje relevante data og ev. omarbeide dei viss det trengs, og vidare mate tala inn i modellen. Siste steget, er å vurdere resultatet av reknestykket, analysere det opp mot heilskapen i situasjonen og sikre at metoden er brukt rett, at resultatet har rimeleg storleiksorden, at det er realistisk med tanke på usikkerheita og at det no er eigna for føremålet.

Resultatet må dokumenterast og kommuniserast til dei som treng informasjonen (bestillaren). Vidare bruk av reknestykket er ute av estimatoren sine hender, og kva det vert brukt eller ev. misbrukt til, kan ikkje estimatoren kontrollere.


## 3.2 Utfordringar med estimering uavhengig av prosjektfasar

Litteraturen fortel oss at det finst to ulike forklaringsmodellar til kvifor kostnadsestimat er feil. Den eine forklaringsmodellen peikar på at årsaka er rotfesta i at det er menneske som gjer vurderingane. Mennesket er ikkje perfekt og har sterk tendens til å gjere feilvurderingar og framstille ting feil. Psykologien og behavioural economics peikar på at vi har ei rekke såkalla bias. Ein av dei vanlegaste er kjent som «planleggingsoptimisme». Det er likevel litt for enkelt å sjå på dette som ein bias – det finst fleire – sjå til dømes Shepperd mfl. (2013) for meir om desse psykologiske omgrepa. Ein nyare litteraturstudie om «optimism bias» i transportsektoren av Chen mfl. (2023), peikar på fleire kunnskapshol og spørsmål vi ikkje har svar på når det gjeld bias som forklaring på kostnadsoverskridingar. Forfattarane peikar på at bias i komplekse institusjonar som utarbeider kostnadsestimat i transportsektoren er eit understudert fenomen (Chen mfl., 2023, s.9).

Dei vanlegaste referansane til forklaringsmodellen basert på bias er Kahneman (2017) og Flyvbjerg mfl. (2002). Forklaringa på feil estimat er enkel og tankevekkande: Menneska gjer feil, anten bevisst (løgn) eller ubevisst (mistak). Denne forklaringsmodellen er sann, men ikkje tilstrekkeleg for å forklare alle utfordringane med estimering. Menneska gjer feil, og derfor må ein ha tilgang til gode metodar og system, og kontrollere både prosess og resultat så feila ikkje går under radaren.

Den andre forklaringsmodellen legg vekt på at føresetnadene våre frå starten er upresise, og at ting utviklar og endrar seg undervegs. Den kanskje viktigaste referansen for denne modellen er Love mfl. (2019) og Ika mfl. (2020). Denne forklaringsmodellen er også sann. Vår systemmodell er bygd på tilsvarende logikk som ligg til grunn for denne. Fordelen med denne forklaringsmodellen er at det går an å gjere noko med utfordringane knytte til upresise føresetnader gjennom å innhente meir og betre informasjon. På grunn av den grunnleggande forklaringa basert på menneskelege bias, er heller ikkje denne modellen nok til å forklare alle feil. Dei to forklaringsmodellane må leve side om side, og det er viktig både å anerkjenne og ta konsekvensen av begge.

Først vil vi sjå på nokre grunnleggande utfordringar med estimering som vi av erfaring og frå teorien veit er avgjerande uavhengig av kva stadium i utviklinga vi er på. Desse kan opptre med litt ulik vekt i ulike prosjekt og situasjonar. Figur 3-2 summerer opp dei viktigaste grunnleggande utfordringane.



Figur 3-2 Grunnleggande utfordringar i estimering og årsakene til dei

Rotårsakene til venstre i figur 3-2, er grunnleggande problem i alle utviklingsprosessar. Følge-effektane kjem anten direkte frå kvar rotårsak eller som konsekvens av kombinasjonar av ulike rotårsaker. Kostnadsestimering er ikkje enkelt. Derfor må ein vere rimeleg i vurderinga av prestasjonen estimatorane gjer. Det er viktig å erkjenne desse utfordringane om ein skal kunne forbetre estimeringa og avgjerdene som byggjer på dei.


Figur 3-2 er stort sett sjølvforklarande, men det er viktig å ta med at denne framstillinga kan lesast både frå bestillarperspektivet og estimatorperspektivet. Innhaldet vil då kunne forståast litt ulikt. Frå bestillarperspektivet, er eit kostnadsestimat til dømes viktig informasjon for å ta ei avgjerd. Frå estimatorperspektivet, er informasjonen ein får frå bestillar (og dei som skal ta avgjerda) styrande for resultatet av estimatet. Modellen kan altså sjåast som ei forklaring på kvifor dei to partane kan ende opp med å skulde på kvarandre. Uansett perspektiv, inneheld figur 3-2 eit sett av forklaringar på kvifor vi ikkje kan rekne med at estimat er presise eller vil stå seg over tid. Vi skiftar no til å sjå på forklaringar som handlar om det som skjer over tid i utviklinga av eit prosjekt.

### 3.3 Utfordringar med estimering i ulike fasar

Alle initiativ som seinare vert til prosjekt vert starta med eit sett av føresetnader og vilkår frå initiativtakarane. Heilt frå det aller første stadiet er det mogleg å meine noko om kostnaden, viss ein er villig til å akseptere at føresetnadene er upresise og informasjonen er mangelfull. Det tyder sjølv sagt at resultatet vert usikkert, og oftast er det rett og slett feil. All erfaring viser at det er akkurat slik det er, men likevel er det mange som trur at når eit tal er sagt, så er det dette talet som gjeld for all framtid (såkalla «anchoring bias»). I alle fall kan det vere slik for dei som ikkje kjenner desse utfordringane, og dei som treng informasjonen til å ta ei avgjerd. Vi

må derfor sjå nærare på kva som skjer med kostnadsestimat og kostnader gjennom fasane.

Vi legg til grunn at føremålet med estimeringa er avgjerande både for kva estimeringsmetode ein brukar og for korleis resultatet vert framstilt. Figur 3-3 viser ein prinsippfigur som illustrerer typiske overordna fasar og føremål med estimeringa. Figuren viser også klassifikasjonar av estimata, og døme på typiske metodar som kan brukast i den enkelte fasen. Vi skal kome attende til dei einsskilte metodane i neste del av kapittelet.



Figur 3-3 Estimeringsmetodar over ulike fasar - føremål og krav til estimeringa

Figur 3-3 er kompleks og treng derfor ein del forklaring. Ein detalj er val av ordet «design», som fekk lov å vere med frå den engelske versjonen av figuren – rett og slett fordi ordet prosjektering tok for stor plass. Design betyr altså i denne samanhengen prosjektering (spesifikasjon som utviklast frå enkle skisser til detaljert arbeidsgrunnlag) gjennom ein utviklingsprosess.

Første fase i figur 3-3 er planlegging – frå behovsanalyse gjennom ulike utgreiingar og definerings av prosjektet fram til mål for initiativet kan definerast. Dette korresponderer med utvikling av konsept (KVU), og er derfor samanfallande med tidlegfase slik omgrepet er brukt i denne rapporten; prosessen fram til KS1 (sjå figur 6-1). Estimeringsmetodane i denne fasen vert klassifiserte som konseptuelle på grunn av at dei typisk må estimerast på eit upresist, umode grunnlag, og at det framleis eksisterer mange alternativ. For at prosessen med utsjekk av alternativ (velje dei som er eigna og velje vekk dei andre) skal verte effektiv, må det gå fort å estimere. Lik handsaming av alternativa er det viktigaste for at balanserte val skal

kunne gjerast. Poenget om lik handsaming i valsituasjonen gjeld i alle fasane, men her er det særskilt avgjerande fordi vala gjeld dei store og konseptuelle spørsmåla som avgjer kva nytte og verdi prosjektet kan verte i stand til å levere.


Andre fase i figur 3-3 er typisk for skisse- og forprosjektfasane. Gjennom denne prosessen vert det valde konseptet utvikla vidare gjennom systematisk utfordring av løysinga og tilføring av meir presis informasjon. Dette skjer i prosjekteringsprosessen gjennom modning. Tradisjonelt var prosessen dominert av lineære prosessar, men har etter kvart vorte meir iterativ og involverer fleire spesialistkompetansar. Dette endrar ikkje at føremålet med denne fasen er å kome fram til eit godt underlag for den viktige avgjerda om å finansiere og gjennomføre tiltaket. Det korresponderer med KS2. Realistisk vurdering av kostnadsnivå og usikkerheit er avgjerande her. Når avgjerda er tatt, er det ein føresetnad at ho står fast til prosjektet er gjennomført – altså krev ein at estimatet gir eit robust resultat. Dei seinare åra har det vorte stadig meir vanleg å definere strategiar som medfører å ta endeleg avgjerd om mål og rammer på tidlegare stadium enn det tradisjonelle som er skildra i figuren. Det aukar utfordringa og pressar avgjerda fram enno tidlegare enn før.

Den tredje fasen i figur 3-3 er sjølve gjennomføringa av tiltaket. Dette er det som tradisjonelt vart oppfatta som prosjektet. Når prosjektet er vedtatt, vert det inngått kontraktar på spesifiserte arbeidspakkar. No skal det prosjekterte materialet omsettast i ei fysisk løysing. Det tyder at i denne fasen må underlaget vere heilt konkret og detaljert nok til å bestille dei rette mengdene av material og spesifikke element som skal leverast. Når fysisk arbeid startar vert det også kjent kva som har vore skjult i grunnen og ukjent om forholda på den aktuelle staden og tidspunktet. Derfor kjem det naturlegvis til ny informasjon også her. Estimata frå tidlegare fasar må reestimerast med rette føresetnader om ressursar. Dette er grunnlaget for styring av utviklinga i prosjektet for å nå målet. Det vert gradvis vanskelegare og meir kostbart å endre utover i denne fasen. Viktigaste krav til estimeringa er derfor at ho er presis, slik at konsekvensen av dei mange val og avgjerdar som skjer i denne fasen er kjende.

Ei spesiell utfordring knytter seg til det grunnleggande grepet med å dele inn utviklinga i fasar. For kvar gong ein bryt av utviklinga for å ta store avgjerdar, fungerer det som ein invitasjon til å skape inkonsistens. Det vert tatt nye avgjerdar basert på ny informasjon, det vert ofte gjennomført vekslingar der ansvaret overforast frå person til person eller frå ein organisasjon til ein annan. I tillegg vert det ofte skifta estimeringsmetode, og informasjon vert omstrukturert til nye føremål. Når ein i tillegg veit at prosessane for kvalitetssikring og avgjerd i desse overgangane tek lang tid, er det klart at ein fort kan miste både kunnskap og verte

freista til å innføre nye premisser, vilkår og krav. Dette er naturleg gitt at vi snakkar om ein læreprosess og ei utvikling under usikkerheit. For estimering og styring er det klart at dette representerer store utfordringar.

Vi skal sjå nærare på ein av desse faseovergangane i eit litt anna lys for å klarlegge skilnader på bestillarperspektivet, styringsperspektivet og estimatorperspektivet. Det vil synleggjere enno fleire grunnleggande utfordringar. Figur 3-4 er ei prinsippskisse som fokuserer på skilnaden mellom det som skjer før endeleg vedtak og det som skjer etter endeleg vedtak om å finansiere og gjennomføre. Det kan argumenterast for at dette vil falle utanfor det tidsperioden denne rapporten skal dekke, men når ein tenkjer over det, så vil ein innsjå at same problemstilling er aktuell i alle fasar, heilt frå start. Både estimering og styring er like viktig i tidlegfasen. Skilnaden på dei to funksjonane er viktig å forstå.



Figur 3-4 Samanhengen mellom kostnadsestimering og kostnadsstyring

Kostnadsestimering tyder, som vi har sett, å setje opp ein modell, mate den med tal og analysere heilskapen slik at ein kan konkludere nivået på kostnadene, gitt underlaget som ligg føre. Metaforen i figur 3-4, er å fortelje kor stor blinken er (å uttrykke realistisk nivå på usikkerheita) og treffe midt i blinken (finne realistisk kostnadsnivå).

Kostnadsstyring tyder å gjere dei naudsynte vala og tiltaka som sikrar at prosjektet har framdrift og er på rett veg. Dette er det klassiske prosjektperspektivet. På rett veg tyder i denne samanhengen å nå måla – å utvikle ei føremålstenleg løysing utan å gå ut over definerte ramar for kostnad, tid og kvalitet. Undervegs i prosjektet skjer det ting som vil presse kostnaden opp. Prosjektleiinga si oppgåve er å finne tiltak (handlingar) som pressar kostnaden ned. Gode val vil verke slik at kostnaden går ned eller i alle fall er under kontroll. Dårlege val i styringa kan i verste fall medføre at kostnaden går kraftig opp, eller at ein misser oversikta (og dermed kontrollen).

Det er vanleg å argumentere for at ein må kunne styre utviklinga frå start til mål. Idealet er kontrollert utvikling – ikkje å la tilfeldighetene råde. Derfor må vi ha eit bevisst forhold til kva dette tyder. Det kan tyde:

- å kunne sjå alt ved starten kva som er rett kostnad og så styre (kontrollere) kostnadsutviklinga frå start til mål så kostnaden vert eksakt det ein estimerte frå start. «*Kostnadsstyrt utvikling*».
- å styre utviklinga slik at løysinga vert så god som ho kan verte, med tilhøyrande tid og kostnad som konsekvens. «*Optimalisering*».
- eller kanskje å styre mot ein best mogleg balanse mellom nytte og kostnad som representerer den høgste oppnåelege graden av nytte med tilgjengelege ressursar. «*Verdistyrt utvikling*».

Figur 3-4 illustrerer også ein del interessante statistiske effektar som ein må forstå for å kunne tolke og bruke informasjonen rett. Kostnadsestimater vert som følge av sentralgrenseteoremet nær symmetrisk (Drevland, 2013). Drevland mfl. (2005) forklarar meir om dette for dei som vil gå inn i detaljane. I tillegg til at det ikkje trengs meir enn om lag 15-20 kostnadselement for at resultatet skal gå asymptotisk mot symmetri, spelar det heller ikkje noko rolle kva for fordelingsfunksjon som vert brukt. Uansett fordelingsfunksjon går det mot symmetri. Likevel er det naturlegvis viktig å bruke fordelingsfunksjonar i kostnadsmodellen som representerer verkeleg utvikling viss ein skal lage eit godt estimat. Dette kjem vi attende til. Empirisk forskning på kostnadsestimering, frå til dømes AbouRizk mfl. (2002) og Ashworth og Perera (2015), viser at kostnadsestimater gir nær symmetriske resultat rundt forventningsverdien med store spenn der resultatet ligg innanfor. Dei forskar på evna til å treffe midt i blinken. I den seinare tid har det kome meir fokus på om vi er gode nok til å fastlegge storleiken på blinken.

Welde og Klakegg (2022) viser at når ein ser på kva kostnad eit prosjekt faktisk har til slutt etter ferdigstilling, så er biletet noko annleis enn det estimata tidlegare sa. Ferdig kostnad viser at det er ein klar tendens til at fleire prosjekt går over forventa kostnad enn under. Konsekvensen er at fordelingsfunksjonen for empiriske datasett ikkje er symmetrisk slik som estimata. Også dei mest brukte retningslinjene for kostnadsstyring påpeikar dette (til dømes AACE, 2012). AACE har dokumentert effekten av kostnadsstyring mot kostnadsmålet. Kvifor er det slik at fleire prosjekt går over enn under den forventa kostnaden? Dette er ein klassisk diskusjon i fagmiljøet rundt kostnadsestimering og -styring.

Det er ikkje estimering som kan gi oss svaret på kva eit prosjekt kjem til å koste når vi vurderer det i tidlegfasen. Då må ein ty til prognosar. Estimeringa gir eit resultat som speglar den løysinga som ligg i bordet på eit gitt tidspunkt – eit

«augeblinksbilete». Prognosen svarer på kva ein trur vil verte resultatet av alt som skjer undervegs. Summen av val, overraskingar, tiltak og eksterne endringar vil påverke resultatet. Prognosearbeidet i kostnadsestimering er tett knytt til analysen av usikkerheit.

AACE gir ut ei retningslinje som inkluderer generelle estimatklassar, sjå Tabell 3-1.

**Tabell 3-1 AACE Cost Estimate Classes (basert på AACE, 2005, Figure 1)**

Estimat-klasse	Schildring av grunnlaget og estimeringsmetode	Spenn i resultatet
5	Konseptuelle kostnadsestimat for prosjekteringa startar (0 % ferdig) for å sortere ut eigna konseptuelle løysingar. Typisk basert på ekspertvurderingar, analoge eller parametriske modellar.	-50 % til +100 %
4	Kostnadsestimat ved 1 % ferdig prosjektering for moglegheits-studium, hovudsakleg basert på parametriske modellar.	-30 % til +50 %
3	Tidlege kostnadsestimat ved 10 % ferdig prosjektering, for å kunne bestemme budsjett basert på halvdetaljerte einingskostnader.	-20 % til +30 %
2	Kostnadsestimat ved 30 % ferdig prosjektering for å kontrollere tilbod basert på detaljerte einingskostnader.	-15 % til +20 %
1	Detaljerte kostnadsestimat ved 65 % av prosjekteringa ferdig. Føremålet er kontroll av estimat eller tilbod basert på detaljerte einingskostnader.	-10% til +15%

Tabell 3-1 er basert på 2005-versjonen av retningslinjene. Merk at grunnlaget er amerikansk empiri, og derfor kan ha enkelte kulturelle og juridiske slagsider i forhold til norske forhold. Tendensen er likevel den same. Ein variant av same tabellen finst i Finansdepartementet (2008b) sin *Veileder nr. 6* om kostnadsestimering.

Eigarperspektivet fokuserer på ønske om verdiskaping opp mot føreseieleg kostnadsutvikling – ofte formulert som «verdi for pengane». I kvalitetssikringsordninga er dette uttrykt tydelegast som samfunnsøkonomisk effektivitet i KS1 og som kostnadskontroll i KS2. Bestillarperspektivet medfører at det ventast eit kostnadsoverslag som er veileigna til det føremålet det skal brukast til. Som vist framfor, er det ulike primærønske i ulike fasar. Prosjektperspektivet fokuserer klart på kostnadskontroll gjennom stram styring.

Tradisjonelt har kostnadskontroll vore klart viktigare enn gevinstrealisering og verdiskaping i prosjektperspektivet, men det er grunn til å tru at dette er i ferd med å endre seg. Vi tolkar dette som ei tenleg og ønska utvikling der alle perspektiva kanskje kan einast om felles mål: verdiskaping for interessentane (Martinsuo mfl.,

2019). Dette ville kunne leie i retning av høgare grad av verdiskaping på samfunnsnivå og meir av den ønska nytteeffekten for brukarane, samstundes som partane i prosjektet dreg i same retning. Det vil også kunne påverke val av estimeringsmetode.

### 3.4 Ulike kostnadsestimeringsmetodar

Figur 3-5 viser ei systematisk oversikt over ulike estimeringsmetodar. Fleire av metodane er alt nemnde i figur 3-3 og tabell 3-1. Den øvste rekka er fire tradisjonelle grupper identifiserte av Barakchi (2016) basert på systematisk litteratursøk. AACE nyttar også den same inndelinga for estimat i tidlegfase - conceptual estimating methodologies (Dysert og Elliott, 2020). På venstre side kallast metodane kvalitative – dei treng ikkje nødvendigvis innebere store rekneoperasjonar eller datamengder. Til høgre for midten finn vi kvantitative metodar som derimot er baserte på data og rekning. Under denne rekka finn vi kombinasjonsmetodar og syntetiske metodar som er lagt til av Torp mfl. (2023). Vi skal gå gjennom alle gruppene for å sikre at dei viktige skilnadene kjem fram.

Uansett gruppering vil estimeringsmetoden bestå av reglar for strukturering av estimatet, krav til inngangsdata og reglar for å transformere dei til resultat (likningar, formlar, funksjonar og algoritmar). Gruppene i figur 3-5 byggjer på ein strukturert gjennomgang av desse eigenskapane ved estimeringsmetodane.



Figur 3-5 Ulike grupper av estimeringsmetodar (basert på Torp mfl. (2023))

Gruppene kan skildrast slik:

**Intuitive metodar:** Metafor: «Spør ein som har peiling». Datagrunnlaget er ekspertvurdering. Ein ekspert åleine eller fleire ekspertar i gruppe har med seg sine egne erfaringar og data. Arbeidsprosedyren er iterativ. Ekspertane utfordrar kvarandre, informasjonen og resultatet dei har framfor seg. Dette er ein essensiell del av estimeringsprosessen nesten uansett metode.

**Analogiske metodar:** Metafor: «Samanlikning av eple og pære». Datagrunnlaget er erfaringstal frå historiske prosjekt som liknar på det som no skal estimerast – meir eller mindre. Arbeidsprosessen kan seiest å vere parallell fordi ein må vurdere fleire sett av relevante prosjektdata for å samanlikne og trekke konklusjon på kostnad. Typisk brukast kostnadstal per løpometer eller kvadratmeter av den fysiske løysinga og «strekker eller trykker kostnaden saman til det passar».

**Parametriske metodar:** Metafor: «Rekn for den kapasiteten prosjektet skal ha». Datagrunnlaget er erfaringstal frå bruk og drift av liknande anlegg. Arbeidsprosessen er typisk «top-down». Ein deler heilskapen i mindre bitar som ein kan samanlikne med relevante kapasitetstal med tilhøyrande kostnad. Ein må identifisere den dominerande kostnadsdrivaren og bruke denne som referanse. Typisk brukast kostnad per arbeidsplass i kontor, per seng i sjukehus, per kapasitetseining.

**Analytiske metodar:** Metafor: «Tel opp kvar einaste komponent». Datagrunnlaget er detaljert tilgang til prisar og/eller erfaringsdata på meir eller mindre detaljert nivå. Arbeidsprosessen er «bottom-up». Ein startar med å identifisere alle komponentane, og multipliserer mengder med pris på kvar – og summerer opp totalen. Denne einingsprismetoden er vanleg i alle prosjekt i gjennomføringsfasen, og krev god tilgang på pris- og kostnadsdatabasar.

**Kombinasjonsmetodar:** Metafor: «Miks og match». I denne klassen finn vi alle kombinasjonar av dei fire metodane nemnde over, pluss andre metodar som supplerer desse. Til dømes kan ein bruke parametriske metodar for ei sjukehusfløy basert på sengetal, og så legge på indirekte kostnader som prosentpåslag, og utfordre dette i ein analyse av usikkerheit ved hjelp av ei ekspertgruppe.

**Syntetiske metodar:** Metafor: «Eliminer menneska for dei gjer feil». Datagrunnlaget er store datamengder anten som store databasar eller databasseng (data pools), og den syntetiske metoden går ut på å bruke digitale system med applikasjonar, maskinlæring og eventuelt kunstig intelligens som gjer estimeringsjobben.

Tabellen i Bilag 1 viser ei meir detaljert oppstilling av relevante estimeringsmetodar i kvar av dei seks klassane. Vi har i tillegg lagt inn vurderingar av dei sterke og svake sidene den einskilde estimeringsmetoden har i tidlegfasen av prosjekt.

Ei underliggende utfordring som ikkje er direkte uttrykt framfor, er det at er lett for at planleggarane vert forankra (nokre seier forelska) i det arbeidet dei sjølv har gjort. Metodane som byggjer på at dei set seg inn i det spesifikke prosjektet dei planlegg akkurat no klassifiserast som «inside view». Ein strategi for å utfordre dette, er å la eksterne kvalitetssikrarar sjå på det same prosjektet, slik ein gjer i KS-ordninga. Likevel må det eit anna metodisk grep til for å avsløre om resultatet av estimeringa er realistisk. Det er å bruke «outside view», som går ut på å samanlikne med andre prosjekt. I KS-ordninga vert dette omtala som referansesjekk, andre kallar det «benchmarking». Ein bør kombinere «inside view» og «outside view» for å sikre eit realistisk og robust resultat.

## Deterministisk og/eller stokastisk rekning

Vurderingane i tabellen i Bilag 1, viser at dei metodane som gir nok presisjon og data til styring (analytiske metodar) er avhengige av ein moden definisjon av det omfanget som skal estimerast. Det får ein ikkje før relativt seint i utviklinga. Nettopp dette er bakgrunnen for at dei grove overslagsmetodane er utvikla (analogiske og parametriske metodar). Dei er raske, men lite presise. Analytiske metodar er utvikla for presisjon, men har derfor tradisjonelt vore tid- og ressurskrevjande. Alle desse metodane har det til felles at dei ikkje fortel noko om usikkerheita. Desse metodane (både analytiske, analogiske og parametriske) er deterministiske og fokuserer det (vesle) vi veit – ikkje det (masse) vi ikkje veit.

Deterministisk rekning betyr å rekne med faste tal utan usikkerheit. Stokastisk rekning betyr å rekne med modellar som tek omsyn til usikkerheit og synleggjer konsekvensen av denne.

Som det går fram tidleg i dette kapittelet, er usikkerheit heilt essensielt å ta omsyn til i kostnadsestimering og prognosar. Dette er av naturlege årsaker aller mest naudsynt i tidleg fase når informasjonsgrunnlaget er tynt, umode og uklart, og mange avgjerder står att å ta. Difor må ei eller anna form for stokastisk reknemetode brukast i tidlegfasen. Det finst fleire eigna metodar og verktøy for dette. I tabellen over estimeringsmetodar som kan finnast i Bilag 1, er følgande metodar klassifiserte som stokastiske:

- *referanseklasseestimering/-prognosar*
- *suksessiv estimering*
- *Monte Carlo-simulering*
- *kunstige nevrane nettverk kombinert med «fuzzy logic»*

Likevel er ikkje desse dei einaste metodane som kan nyttast i tidlegfase. Alle metodane i tabellen i Bilag 1 kan brukast som underlag for vurdering av usikkerheit. Her kjem ekspertvurderingane inn: viss ein verkeleg ekspert, eller enno betre, ei gruppe av ekspertar, får eit relevant faktagrunnlag, er dette det viktigaste og beste utgangspunktet vi har for å få fram gode vurderingar av usikkerheit. Då er det mindre viktig kva metode som er brukt for å få fram dette grunnlaget. Også deterministiske metodar kan vere nyttige for å få fram den relevante informasjonen i tidlegfase.

Dei stokastiske metodane har også svake sider. Referanseklassar kan fortelje om kor store kostnadsutslaga kan verte, men forklarar ikkje *kvifor* ting vert som dei vert. Det er ikkje godt nok for å kunne ta gode avgjerder om innhald eller for

styring – men er essensielt for å etablere eit robust budsjett. Suksessiv estimering og Monte Carlo-simulering er gode metodar for å få fram årsaker og konsekvensar av usikkerheit, men om ein krev høg grad av presisjon, vert detaljbehovet stort, og då får desse metodane problem gjennom å verte for ressurskrevjande. Nevrale nettverk på si side, er avhengige av relevante datasett, noko som framleis er ei utfordring i praksis. I tillegg er dette ein måte å jobbe på som har store kompetansekrav og kommunikasjonsutfordringar. Det er neppe eit realistisk alternativ på kort sikt.

Altså er det mest naturleg å tenke seg kombinasjonar av fleire metodar. Ein kostnadsmodell kan innehalde analogiske, parametriske og analytiske element. Eit godt døme på dette er «Byggekløssmetoden» med standardiserte seksjonar eller element. Denne inneber at ein utviklar standard kostnadselement som representerer typiske løysingar under ulike eksterne forhold (enkeltspora jernbane i sidebratt terreng, dobbeltspora jernbane på flatt terreng etc.). Basert på oppdaterte, relevante kostnadserfaringar kan ein få fram både forventa kostnader og kostnadsspenn for kvar av dei. Dermed har ein ferdige «byggekløssar» som kan utgjere kjernen i eit tidlegfaseestimat. Også med ein slik framgangsmåte må grunnlaget vurderast som heilskap av ekspertar.

Konklusjonen så langt vert at det oftast vil ligge føre eit deterministisk grunnlag for kostnadsestimatet. Dette må vurderast med tanke på usikkerheit av ei breitt samansett ressursgruppe av ekspertar med ein stokastisk estimeringsmetode for å lage prognosar for korleis kostnaden vil utvikle seg til prosjektet er ferdig – om lag slik praksisen er for kostnadsestimering og analysar av usikkerheit i dag.

## 4 Metode

Dette kapittelet beskriv kva metodiske tilnærmingar vi har nytta for å finne svar på forskingsspørsmåla våre:

1. Korleis skal vi kunne sikre riktig og tilstrekkeleg informasjonsgrunnlag for realistisk kostnadsestimering i den tidlegaste fasen?
2. Kva metodar er i stand til å gi oss realistiske estimat trass i høg grad av kompleksitet og usikkerheit?

Formålet med studien er såleis å kunne bidra til meir kunnskap kring kostnadsestimering i den tidlegaste prosjektfasen, som i denne samanhengen tyder fram til KS1.

Forskingsspørsmåla vart konkretiserte og grupperte i fem tema, etter diskusjon og refleksjonar i arbeidsteamet for studien:

- I. Korleis vert prosjekt estimerte i den tidlegaste fasen (fram til KS1)?
- II. Korleis påverkar rammekrava estimeringa?
- III. Korleis påverkar prosessen estimeringa?
- IV. Korleis kan estimeringa tilpassast etterfølgjande styring av kostnaden?
- V. Kor gode meiner fagekspertar involverte i prosjekta at dei resulterande estimata er?

Denne tilnærminga freistar å gi eit breitt bilete av kostnadsestimering i tidleg fase. Studien representerer såleis ei kartlegging av praksis og utfordringar kring temaet i ulike statlege etatar i Noreg, og sett frå ulike stâstader.

Forskingsspørsmåla i denne studien er av ein utforskande art, og vi søkjer såleis svar på dei gjennom eit kvalitativt forskingsdesign, med føremål om å samle data frå relevante informantar sine erfaringar og synspunkt for å få djupare innsikt i eit spesifikt tema (Mason, 2018; Saunders mfl., 2019), der intervju er hovudmetoden for å samle inn desse data. Ei fortolkande tilnærming til intervjumaterialet gjer også at ein kan nyttiggjere seg av nokre av forskarane si mangeårige erfaring på temaet (Saunders mfl., 2019; Denzin og Lincoln, 2018; Lincoln mfl., 2018).

Studien kviler på ein grundig og systematisk gjennomgang av litteratur som har danna både ei referanseramme for temaet og eit veldefinert utgangspunkt for intervjuguiden som vart utvikla for denne studien. Vi har nytta fleire datakjelder

for å samle informasjon om forskningstemaet. Triangulering mellom metodar er fordelaktig for å styrke validiteten i studien (Creswell, 2014; Saunders mfl., 2019; Yin, 2014).

## 4.1 Datainnsamling

I det følgjande beskriv vi dei ulike datainnsamlingsmetodane nytta i denne studien.

### Litteratursøk/-gjennomgang

Ein ønsker at organisasjonar skal tilpasse ny praksis etter ei kunnskapsbasert tilnærming, og følgjeleg vart berre fagfelleverderte empiriske studiar om kostnadsestimering i tidleg fase inkluderte i litteraturgjennomgangen. Det vart utleia nøkkelord baserte på forskingsspørsmåla våre for å lage søkestrengar, som vidare vart validerte ved å sjekke om søk med mindre endringar i nøkkelorda returnerte relevante artiklar baserte på forskargruppa sine forkunnskapar. Søk vart gjennomførte i databasane Google Scholar, Scopus og Web of Science. I tillegg til desse søka, fekk forskargruppa også innspel til andre relevante artiklar frå erfarne forskarar knytte til prosjektleiingsmiljøet ved NTNU. For å sikre relevans i høve til gjeldande praksis og organisering, er det gjort ei avgrensing i litteratursøket til litteratur publisert dei siste 10 åra. Denne avgrensinga er i all hovudsak gjort med bakgrunn i at fokus er på praksisar, og at teknologiutvikling har endra mykje av rammevilkåra for estimeringa i form av eksempelvis datainnhenting- og lagring, kunstig intelligens og andre digitale verktøy.

I gjennomgangsprotokollen vart det inkludert studiar frå følgjande kjelder:

- Studiar relevante for forskingsspørsmåla
- Fagfelleverderte tidsskrift, med vekt på engelskspråklege artiklar

Bøker, førelesingsnotatar, tekniske rapportar (til dømes AACE-retningslinjer, SAS Nato-Technical reports), akademiske fråsegner, «grå-litteratur» og anna ikkje-fagfelleverdert litteratur vart ekskludert. Litteratursøket i denne studien har såleis hovudsakleg returnert resultat publiserte i vitenskaplege journalar, noko som gjer at det er sett bort frå ein del praktisk litteratur på feltet, mellom anna arbeid av Lichtenberg,(til dømes Lichtenberg (1984)), og meir praktisk retta artikkelsamlingar av til dømes Hollmann og Dysert (sjå referanseliste for lenke til desse samlingane).

I utviklinga av søkestrengane brukte ein innspel frå medlemmane i forskargruppa for å inkludere alle relevante synonym innanfor prosjektleiingsterminologi, til dømes ‘early phase’ og ‘front end’. Dette resulterte i følgjande søkestrengar:

“cost estimation” OR “cost estimate” OR “costing” OR “cost appraisal” OR “cost forecasting”

AND “early phase” OR “front end” OR “conceptual stage”

AND “empirical” OR “survey” OR “document study” OR “Delphi research” OR “experiment” OR “case study”

Søkestrengane var først nytta til å finne tidlegare litteraturstudiar, og vidare til å søke i dei tre nemnde databasane etter empiriske studiar knytte til temaet for studien. Tabell 4-1 viser ei oversikt over talet på søkeresultat og kor mange bidrag som vart filtrerte ut i dei ulike stega.

**Tabell 4-1 Søkeresultat og filtrering av vitenskaplege artiklar**

Filtreringssteg		Google Scholar	Web of Science	Scopus
<b>Resultat frå fullstendig databasesøk</b>		11 921	1 001	943
1	Bøker og grå-litteratur (diskusjonsartiklar, tekniske rapportar, notat frå foredrag med meir)	411	217	13
2	Lav kvalitet på tidsskrift	587	44	22
3	Ikkje relevant basert på vurdering av tittel	9 744	597	631
4	Ikkje-empirisk	157	14	18
5	Fokus på livssyklus-kostnader (LCC)	40	10	76
6	IT-spesifikt	33	93	83
7	Litteraturgjennomgangar	897	1	71
8	Usikre, samandrag vart revurderte	38	24	28
9	Overlapp med andre databasar	2	1	1
<b>Endeleg inklusjon</b>		<b>12</b>	<b>6</b>	<b>3</b>

## Retningslinjer og praksisar frå etatane

Dei offentlege etatane som fell inn under Statens prosjektmodell har retningslinjer for kostnadsestimering som også er ei kjelde til kunnskap og informasjon kring temaet. Gjennomgangen av retningslinjer og praksisar som er gjort i samband med denne studien, er i stor grad basert på ei tidlegare kartlegging av praksisar for kostnadsestimering (Berg mfl., 2022), og vert presentert i kapittel 0.

## Intervju

Hovudkjelda til den empiriske delen av studien er semi-strukturerte intervju med informantar frå dei ulike etatane som fell inn under Statens prosjektmodell, og dei sju konsulentkonstellasjonane (også kalla KS-miljøa) som gjennomfører ekstern

kvalitetssikring. Informantane vart såleis strategisk utvalde (Saunders mfl., 2019; Marshall, 1996; Patton, 2002; Creswell og Plano Clark, 2011).

Intervju er ein passande metode for innsamling av data når ein søker djupare innsikt i eit spesifikt tema (Kvale og Brinkmann, 2015; Saunders mfl., 2019). Semi-strukturerte intervju med relativt opne spørsmål og mogelegheit til å endre rekkjefølgje på spørsmåla undervegs, gir naudsynt fleksibilitet og sjanse til å tilpasse til situasjonen (Saunders mfl., 2019). I tillegg gir opne spørsmål informantane mogelegheit til å snakke fritt og gå djupt inn på tema dei har kompetanse på eller kan dele erfaringar frå (Tjora, 2012). Gjennom eit semi-strukturert design, har ein også mogelegheita til å tillate digresjonar for å setje lys på tematikken ein studerer frå andre vinklar enn det ein i utgangspunktet hadde tenkt på (Tjora, 2012), og kome med oppklarings spørsmål.

I alle intervju, utanom to, var det fleire enn ein informant. Etatane og konsulentkonstellasjonane sjølve fekk vurdere kven og kor mange som var aktuelle for intervju frå si verksemd, og dei vart også oppfordra til å foreslå andre informantar som kunne vere aktuelle, såkalla 'snowballing' (Tjora, 2012). Informantane var typisk personar med ansvar for kostnadsestimering i si verksemd, og mange hadde fleire års erfaring på feltet. Nokre hadde også erfaring *både* frå etatssida og kvalitetssikringssida, eller erfaring frå fleire sektorar eller kvalitetssikringsmiljø.

Med fleire informantar i kvart intervju, oppnår vi ei avspiegling av ein reell kostnadsestimeringsprosess, der ekspertar frå ulike fagbakgrunnar samlast for å gjennomføre estimeringa. I ein slik setting, kan ein i tillegg få fram tema der det eksisterer fleire synspunkt og som vert diskuterte mellom informantane/i miljøa, kva dei er samde om og kva dei ev. er usamde om. Dette kan potensielt bidra til å gi fleire perspektiv på det studerte temaet, og gav oss også mogelegheit til å observere interaksjonen mellom informantane. Fleire informantar gjorde det også mogeleg å nytte seg av nokre av fordelane ein ser frå fokusgrupper, der tryggleiken av å vere fleire er nemnt, til dømes gjennom felles problemstillingar, og såleis er det potensiale for at ein deler meir enn ein hadde gjort gjennom individuelle intervju (Blumberg mfl., 2014). I tillegg tener denne forma bra for å kunne inspirere, utfordre og utnytte kvarandre sine assosiasjonar.

Intervjuguiden var delt inn i to hovudbolkar, den eine med generelle spørsmål knytte til dømes til arbeidsoppgåver og arbeidserfaring, og den andre i dei fem tema som gjekk spesifikt på kostnadsestimering, og som er nemnde innleiingsvis i dette kapittelet (heile intervjuguiden kan finnast i Bilag 2). Det vart sendt ut

invitasjon med informasjon om studien til kontaktpersonar i etatane og kvalitetssikringsmiljøa.

Totalt 31 informantar vart intervjuar i tidsrommet mai-oktober 2022, i hovudsak digitalt (via Teams), og med ei varigheit på 1-2 timar. Digitale intervju gjorde det enklare å få tak i fleire informantar samstundes, då informantane vanlegvis er temmeleg opptekne. På denne måten fekk vi også representasjon frå fleire geografiske stader. Eitt intervju vart gjennomført som ein kombinasjon mellom fysisk oppmøte/digitalt, etter ynskje frå informanten. Forskargruppa ansvarleg for denne studien var alltid representert med minimum to personar, der éin hadde hovudansvar for å stille spørsmåla, medan ein annan hadde ansvar for å ta notat så nær opp til ordrett attgjeving som mogeleg. Dei andre forskarane som var med, stilte utdjupande spørsmål og tok supplerande notat, som vidare vart samanfatta til eit endeleg referat frå intervjuet, og som så vart nytta til analyse. Tabell 4-2 viser ei oversikt over dei gjennomførte intervjuar.

**Tabell 4-2 Oversikt over gjennomførte intervju**

Verksemd	Tidspunkt (2022)	Antal informantar	Varigheit	Antal forskarar
Concreto	25. mai	5	1.5 time	5
Metier	3. juni	2	1.5 time	4
Marstrand	15. juni	2	1.5 time	3
Holte/Menon/A2	15. juni	3	1.5 time	2
Forsvarsmateriell	19. august	1	1 time	4
Jernbanedirektoratet	24. august	3	1.5 time	5
Statsbygg	25. august	3	1.5 time	5
Forsvarsbygg	1. september	2	1.5 time	4
Dovre	2. september	1	1.5 time	3
Forsvarsmateriell	6. september	1	1.5 time	3
Atkins	7. september	2	1.5 time	3
EY	7. september	2	1.5 time	3
Statens vegvesen	4. oktober	4	2 timar	5

## Seminar

Basert på innleiande analysar og tilgjengelege funn, vart det gjennomført eit seminar knytt til studien primo desember 2022. Alle etatane og dei eksterne kvalitetssikringsmiljøa som var intervjuar vart inviterte med ei øvre avgrensing på fire personar pr. verksemd. I tillegg tok representantar frå Statnett og Riksrevisjonen del. Totalt 53 personar var med på seminaret, fordelt på 20

forskjellige organisasjonar (utgreiande etatar, andre offentlege etatar, og kvalitetssikrarar).

I seminaret la forskarane først fram dei overordna funna frå studien, og gjennomførte deretter eit gruppearbeid/-diskusjon basert på desse. Gruppene var sette saman med representantar frå ulike etatar og kvalitetssikringsmiljø. I gruppearbeidet skulle deltakarane forsøke å svare på/reflektere kring følgjande spørsmål om kostnadsestimering i tidlegfase:

- Kva er mest krevjande/utfordrande?
- Finn de skilnader mellom etatar?
  - I tilfelle, kvifor?
- Kan de gi døme på praksisar som fungerer?
  - Kva gode erfaringar kan de vise til?

Deretter vart det gjennomført ein plenumssesjon, der gruppeleiarane la fram gruppene sine svar på spørsmåla over, og kom med refleksjonar kring desse. Det vart også opna for kommentarar og diskusjon med salen. Forskargruppa tok del som observatørar og fasilitatorar i gruppearbeidet, og ein av forskarane leidde sesjonen der ein la fram resultatata frå gruppearbeidet i plenum. Materialet frå seminaret tener som eit verdifullt bidrag til å utdjupe funna frå intervjua, og gir vidare meir innsikt i temaet kostnadsestimering i tidlegfase.

## 4.2 Analyse

I dette delkapittelet beskriv vi korleis data frå intervju og seminar er analyserte.


Intervjua vart i hovudsak analyserte ved bruk av Creswell (2014) sin prosedyre for dataanalyse og tolking:

1. Organisere og klargjere data for analyse
2. Lese gjennom og reflektere over materialet i sin heilskap for å danne eit overordna bilete av meining og innhald
3. Starte kodeprosessen, etablere kategoriar og termar
4. Utarbeide detaljerte skildringar ved å nytte kodar og termar for å etablere analysetema (reducere kategoriar) som representerer hovudfunn
5. Arbeide med skildringane og tema og forbetre dei for bruk i det kvalitative narrative
6. Tolke funn og resultat, samanlikne med eksisterande teori- konvergerer eller divergerer funna? Funna kan også leie til nye spørsmål

I stega 3-5 gjorde vi oss også delvis nytte av tematisk analyse, inspirert av Braun og Clarke (2006). Denne tilnærminga er passende jf. studien sitt mål om å utforske dei underliggende idéane og føresetnadene som ligg til grunn for kostnadsestimeringa og som formar denne i tidlegfasen.

Data vart systematiserte og koda ved bruk av NVivo (QSR International, 1999-2022). To av forskarane stod for dette arbeidet individuelt, og samanlikna så kodinga seg i mellom, før dette vart lagt fram for resten av forskargruppa.

Gjennom analyseprosessen har ein heile tida hatt med seg intervjuguiden og inndelinga i dei fem overordna tema nemnde innleiingsvis i kapittel 4. Første runde med analysar gav grunnlag for 20 kodar, som vidare vart grupperte om og haldne saman med dei overordna tema frå intervjuguiden. For kvart tema, vart det skrive ein analytisk tekst basert på kodane og innhaldet i desse, som gav ei djupare skildring av funna. Dette gav vidare opphav til kategoriar som skildrar kostnadsestimeringsprosessen, og som kunne samanstillast i ein enkel systemmodell for kostnadsestimering.



Figur 4-1 Utvikling av kodar til kategoriar og samanstilling til ein enkel systemmodell

Preliminære funn vart diskuterte i arbeidsteamet for studien, og vidare presenterte for Concept si utvida forskargruppe for diskusjon og refleksjon i medio oktober, og vidare i seminaret gjennomført primo desember 2022.

Transkripsjonar frå gruppediskusjonane/plenumssesjonen i seminaret vart vidare analyserte tematisk (Saunders mfl., 2019; Braun og Clarke, 2006), der føremålet har vore å søke etter tema eller mønster gjennom rike skildringar av datamaterialet.

Dette er igjen integrert med funna frå intervjua og litteraturstudiet for forsøksvis å kunne konkretisere noverande praksis og utfordringar kring kostnadsestimering i tidlegfase tydelegare enn berre ut frå intervjudata, og dermed også kunne gi betre svar på forskingsspørsmåla våre.

### 4.3 Om kvalitet og avgrensingar

Vi har gjort ulike tilnærmingar i denne studien for å sikre kvaliteten. Det er mellom anna triangulert mellom metodar, og nytta både litteraturstudie, intervju og seminar for å stadfeste og utdjupe funna frå denne studien. Vi har forsøkt å vere transparente ved å skildre studieopplegget relativt inngåande. Opplegget for studien har vore presentert for og diskutert med Concept-programmet si faste, større forskargruppe, og har ved fleire høve vore diskutert i det utvida arbeidsteamet som har vore dedikert for denne studien. Det har vore laga studieprotokoll og intervjuguide for å styrke reliabiliteten/truverdet i studien (Kallio mfl., 2016; Yin, 2014).

Vi har heile vegen vore meir enn ein forskar i intervjusituasjonen, og vi har intervjua nøkkelpersonell innanfor kostnadsestimering både frå etat- og konsulentsida, der alle etatane og konsulentkonstellasjonane som fell inn under KS-ordninga var representerte. Vi har også presentert og diskutert preliminare funn med ei utvida forskargruppe, som styrkar truverdets til studien. Vi har vore fleire som har tatt notat frå intervjua, der alle har vore kjelder til den endelege transkripsjonen, og vi har drøfta funn og synspunkt mellom oss i arbeidsteamet. Alle har vidare lese gjennom transkripsjonane individuelt. Analysane er gjennomførte separat av to forskarar, der kodinga vidare er samanstillt og drøfta i fellesskap, i tillegg til grovanalysane som bygger på kodinga.

Vidare fekk alle informantane invitasjon med god informasjon om studien, slik at dei fekk mogelegheit til å førebu seg og ev. samle informasjon/ dokumentasjon og reflektere rundt tidlegare erfaringar før intervjuet, noko som styrkar studien sin validitet og reliabilitet (Saunders mfl., 2019).

Vi har gjennom desse tilnærmingane freista å dekke dei ulike kvalitetskrteria for kvalitative studiar tilstrekkeleg, og i tillegg vere så transparente som mogeleg i skildringa av forskingsopplegg og framgangsmåte. Slik håper vi å gjere lesaren i stand til å vurdere i kor stor grad resultatata frå denne studien kan overførast til andre liknande settingar, det vil seie å kome kravet til overføring (generalisering) i møte.

Metodiske avgrensingar er mellom anna knytte til eit relativt lite tal på informantar som vart strategisk utvalde. Dette påverkar i kva grad funna kan generaliserast. Utvalet vart likevel vurdert å vere representativt for denne studien sitt føremål. Alle informantane har kompetanse og erfaring frå kostnadsestimering både frå etatssida og konsulentsida, og nokre også frå begge sider og med mange års erfaring.

Vi har ikkje nytta video- eller lydopptak i intervju. Dette kan representere ei potensiell feilkjelde med tanke på reproduksjon av informasjon og nøyaktigheita av denne. Utan lydopptak misser vi mogelegheita til å gå tilbake for å kryssjekke utsegnene vi analyserer. Vi har likevel kome dette i møte gjennom å vere fleire forskarar representerte i intervju som alle har notert og lytta, og diskutert oss i mellom i etterkant. Vi har også nytta mogelegheita til å be informantane om oppklaringar dersom det var behov for det. To forskarar har gjennomført analysane og kodinga i NVivo (QSR International, 1999-2022) kvar for seg, for deretter å samanlikne funna. Fleire av forskarane i teamet har vidare tatt del i diskusjon og utforming av tema bygd på dei første kodane.

For litteraturstudien, kan ei mogeleg feilkjelde vere knytt til omgrepet 'front end', då det ikkje finst ei sameint oppfatning av dette omgrepet i internasjonal litteratur (ulike syn på kva front end er, og til dømes *når* front end er i eit prosjekt). Dette gjer at det vert introdusert ei usikkerheit knytt til kor tidlege estimata som er omtalte i studiane faktisk er.

Val av databasar og søkeord er viktige i eit godt litteraturstudium. Her er det ei feilkjelde knytt til mogeleg utelating av relevante artiklar, anten som følgje av at ein ikkje har nytta seg av fleire databasar i søket, val av søkeord eller som følgje av menneskelege feil i filtreringsprosessen.

Vidare er fokuset i studien på kostnadsestimering som ein einskild, fagmessig prosess, og vi har følgeleg ikkje gått inn på relaterte emne som til dømes leiingsperspektiv og politiske prosessar.

## 5 Resultat frå systematisk gjennomgang av vitenskapleg litteratur

I dette kapittelet presenterer vi resultatata frå litteratursøket vi har gjennomført (tilsvarande Tema I i figur 1-2). Litteratursøket viser til både internasjonale og norske studiar som gir forskingsbasert (empirisk) kunnskap om kostnadsestimering i tidlegfase.

Søkestrengane for litteratursøket er beskrivne i kapittel 4. Etter at desse var etablerte, var det første skrittet vårt å nytte dei til å finne tidlegare litteraturstudiar. I det følgjande presenterer vi fem identifiserte og relevante publikasjonar.

Basert på ein litteraturgjennomgang, foreslo Liu og Zhu (2007) eit teoretisk rammeverk for å identifisere kritiske faktorar for effektiv kostnadsestimering i kvar prosjektfase, inkludert tidlegfasen. Tilsvarande bidrag til teori knytt til kostnadsmetodikk, vart gitt av Schiffauerova og Thomson (2006) i ein gjennomgang som såg på ulike kostnadsmetodar og rapportar om kor vellukka desse var, for å gi ei betre forståing av slike kostnadsmetodar (forkorta CoQ). Temaet for litteraturgjennomgangen til Trivailo mfl. (2012), var kostnadsestimering i tidlegfase for planlegging av oppdrag innan romfarten. Forfattarane identifiserte viktige kostnadsestimeringsmodellar nytta til estimering innan romfartsindustrien, og kva for kostnadsdrivande parametarar og faktorar som ligg til grunn for desse modellane.

Gjennom søket etter tidlegare litteraturgjennomgangar, fann vi også ein artikkel frå Sharma mfl. (2021), som omhandla bruken av kunstig intelligens for kostnadsestimering innan konstruksjon. Delar av resultatata frå denne studien var ein presentasjon av avgjerande input-parametarar som har stor innverknad på estimeringa av foreløpig og tidleg byggekostnad. Kitchenham mfl. (2006) var meir prosessorienterte i sin gjennomgang av ti artiklar knytte til studiar av inter- versus intra-føretaksestimering (eng. *Cross- vs Within Company Cost Estimation Studies*). Resultat frå denne gjennomgangen peikar på at det er usikkert korleis og under kva for omstende ein individuell organisasjon er i stand til å stole på inter-føretaksbaserte estimeringsmodellar, og at det følgjeleg er behov for meir forskning på temaet.

I tillegg til studiane nemnde ovanfor, fann vi også relevante gjennomgangar av litteratur knytte til kostnadsestimering innanfor programvareutvikling (Jørgensen

og Shepperd, 2006; Bilgaiyan mfl., 2016). Trass i at det er monalege skilnader mellom IT-prosjekt og prosjekt innanfor bygg eller infrastruktur, kan likevel teknikkar eller metodebruk innanfor kostnadsestimering frå denne sektoren vere av interesse for andre sektorar.

Vi fann likevel ingen tidlegare litteraturgjennomgangar som nøyaktig dekte kostnadsestimeringspraksis i dei tidlegaste prosjektfasane, som er det spesifikke temaet for denne studien.

21 vitskapelege artiklar vart inkluderte til slutt, der året for publisering var temmeleg jamt spreidd mellom 2012-2022. Ei oversikt over hovudfunna frå kvar studie er framstilt i Tabell 5-1. Nokre kjelder er inkluderte baserte på relevans i høve forskingsspørsmåla våre, trass i at bidraga frå desse ikkje er spesifikt avgrensa til tidlegfasen av prosjekt.

Tabell 5-1 Oversikt over inkluderte vitenskaplege artiklar

Tid for publikasjon	Sektor	Type bidrag	Hovudfunn	Referanse	Land/område
2018–2022 (8)	Bygg	Metode, analyse av usikkerheit	Ekspertar samanfattar dei 43 risikofaktorane i fire faktorar som kan brukast til å føreseie den samla kostnadsrisikoen i tidleg fase av prosjektet. Dei fire risikofaktorane er: kontraktstype, risikostyring, kontraktskostnad og kontraktsvarigheit. Desse faktorane blir brukte til å utvikle ein modell for å føreseie effekten av samla risiko på prosjektkostnadene i tidlegfase.	Badawy mfl. (2022)	Egypt
		Inngangsdata	Faktorar inn i kostnadsestimatet i tidleg fase. Sensitivitetsanalysen viste at dei mest effektive faktorane i kostnadsestimatet på eit tidleg stadium er talet på etasjar og arealet av etasje.	Badawy (2020)	
			Inngangsvariabel lagt til estimeringsmodellen for å unngå ko-linearitet. Eit sett med tre variablar kan leggast til estimeringsmodellen om gongen slik at problemet med ko-linearitet kan forsvinne og god nøyaktigheit i estimatet kan sikrast.	Meharie mfl. (2019)	Kenya
		Inngangsdata/modell	Estimere den totale kostnaden for byggeprosjektet, ved bruk av einingskostnader frå eit grunnleggjande prosjektkostnadssystem, basert på dagens kostnad.	Pujitha og Venkatesh (2020)	India
	Bilindustri	Metode, Maskinlæring	Modellen viser ein nøyktig prediksjon (R2 på 0,96) av kostnadene for produktkomponentar i den tidlege designfasen ved bruk av berre sju funksjonar frå produktdesign- og utviklingsavdelinga.	Bodendorf og Franke (2021)	Tyskland
	Infrastruktur	Prosess, diskuterer syn på tidlegfase ('investigating the front-end debate')	Ikkje mykje bevis for å støtte strategisk undervurdering/optimisme-skeivskap. Snarare er det mangel på kontrollportar i førekant av prosjektformings- og avgjerdsplanleggingsstadium, som har fremje dysfunksjonell prosjektpraksis.	Amadi og Ahiaga-Dagbui (2021)	Australia
		Metode, bruk av modellar	«Top-down»-modellar forbetrar prediksjonsnøyaktigheita til kostnadsestimata	Karaca mfl. (2020)	USA
		Evaluering av forskjellige metodar	Studien viste at subjektive, parametriske, komparative og analytiske estimat er i bruk i Ghana. Dei mest kritiske faktorane som påverkar nøyaktigheita i estimeringa er feil prosjektplanlegging, utilstrekkelege undersøkingar av grunnforhold og bruk av snarvegar, mellom anna.	Akinradewo mfl. (2020)	Ghana

2014–2017 (9)	Bygg	Metode, analyse av usikkerheit	Det er mogleg å forbetre resultatane av usikkerheitsanalyse av kostnadsestimat. Ein godt førebudd og strukturert prosess, med ei passende gruppe ekspertar, med fokus både på risiko og moglegheiter og bruk av "top-down"-tilnærming kan kompensere for nokre av utfordringane knytte til kostnadsestimering under usikkerheit.	Torp og Klakegg (2016)	Sverige
		Metode	Bruk av Suksessiv- prinsippet i praksis for å lage nøyaktige, objektive og statistiske prognosar av den faktiske prosjektkostnaden	Klakegg og Lichtenberg (2016)	Skandinavia
			Integrasjon av BIM vil bidra til å minimere feil og forbetre prosjektkostnadsestimat i framtida	Taihairan og Ismail (2015)	Malaysia
			Bruk av referanseklasse-prognoser og regresjonsanalyse ser ut til å gi meir nøyaktige og realistiske estimat enn andre metodar	Bayram og Al-Jibouri (2016)	Tyrkia
			Funn tyder på at 'multistep-ahead'-tilnærminga (MSA) monaleg overgår prediksjonsnøyaktigheita til konvensjonell praksis	Dursun og Stoy (2016)	Tyskland
	Bygg/skip	Inngangsdata og funksjonsbasert metode	Den funksjonsbaserte estimeringsmetoden viste seg å vere vellukka, basert på foreløpige spesifikasjonar for å estimere skipskostnadene. Feila til dei estimerte totale kostnadene er mindre enn $\pm 7\%$ . Derfor er estimeringsmodellen eigna for moderne skip.	Lin og Shaw (2017)	Taiwan
	Infrastruktur	Metode	Bruk av 'multivariate adaptive regresjons-splines' (MARS) viser seg vellukka for modellering av konseptuelle kostnader for bruksprosjekt	Zhang og Minchin jr. (2017)	USA
		Input data	Konseptuelle estimat som brukar minimum av inngangsdata for å produsere eit estimat gir eit rimeleg presisjonsnivå og er kostnadseffektive. For vegprosjekta som er studerte, finn forfattarane at bruk av fleire inputvariablar enn nødvendig i det konseptuelle estimatet ikkje forbetrar nøyaktigheita til estimatet.	Gardner mfl. (2016)	
	Fleire sektorar	Evaluering av tidlegfase kostnadsestimat og årsaker til underestimering	Underestimering av kostnader i tidlegfasen er monalege i utvalet, og utgjorde eit alvorleg problem ved at suboptimale prosjekt vart godkjende	Andersen mfl. (2016)	Noreg

2011–2013 (4)	Bygg	Metode	Estimeringsverktøyet som vert presentert lar brukarar evaluere funksjonaliteten, økonomien og ytinga til bygningar samstundes med bygningsdesign	Cheung mfl. (2012)	Storbritannia
	Infrastruktur	Metode	'Preliminary Engineering (PE)'/ forprosjektering for eit vegbaneprojekt omfattar to identifiserte inngangsfaktorar	Liu mfl. (2013)	USA
		Metode – utvikling av modellar	Studien utviklar kostnadsutrekningssmodellar for vegtunnelbygging ved bruk av to typar kunstige nevrane nettverk. Forfattarane konkluderer med at modellane gir nøyaktige kostnadsestimat som er tilpassa føremålet med å estimere arbeidsmengd og kostnader ved å bygge vegtunnelar.	Petroutsatou mfl. (2012)	Hellas
		Metode og inngangsdata ved bruk av ekspertar	Konseptuell kostnadsestimeringsmetodikk som involverer tre stadium for å gi raske og pålitelege resultat som kan vere særst nyttige i dei tidlege stadia av eit prosjekt.	Fragkakis mfl. (2011)	

Tabell 5-1 viser at dei relevante vitenskaplege artiklane har ein fellesnemnar i form av metodologiske bidrag til tidlegfaseestimering. Fleire av studiane viser til bruken av empiriske data i ei eller anna form for å teste og evaluere ulike metodar og tilnærmingar for forbetra nøyaktigheit av dei tidlege kostnadene. Ein fersk studie av Amadi og Ahiaga-Dagbui (2021) skil seg ut. Forfattarane studerte tidlegfaseprosessen i sin heilskap ved å undersøke rolla til strategisk undervurdering/optimismeskeivskap i underestimering av kostnader i offentlege prosjekt. Her finn forfattarane lita støtte i at det eksisterer strategisk optimismeskeivskap, snarare er det mangel på kontrollportar i førekant av prosjektformings- og avgjerdsplanleggingsstadium, som har fremja dysfunksjonell prosjektpraksis (Amadi og Ahiaga-Dagbui, 2021).

Med unntak av ein studie frå bilindustrien (Bodendorf og Franke, 2021), og studien til Andersen mfl. (2016), som nytta empiri frå ulike sektorar i Noreg, omhandlar alle studiane som er gått gjennom anten bygge- eller infrastrukturprosjekt. Mange av studiane har også kvantitative tilnærmingar som følgje av formell testing av bruken av ulike estimeringsmodellar (til dømes Bayram og Al-Jibouri (2016); og Petroutsatou mfl. (2012)). Nokre studiar legg vekt på spesifikke modellar eller tilnærmingar for estimering i tidlegfase, til dømes Dursun og Stoy (2016) si «multistep-ahead»-tilnærming (MSA), og suksessiv-prinsippet til Klakegg og Lichtenberg (2016), bruk av BIM (Tahairan og Ismail, 2015), medan andre har testa og samanlikna eksisterande modellar som til dømes Bayram og Al-Jibouri (2016).

Hovuddelen av studiane fokuserer på kostnadseffektiviteten til prosessen i ei eller anna form, og kva som er lønsamt å gjere med omsyn til å sikre eit mest mogeleg nøyaktig tidleg estimat. Badawy mfl. (2022) studerer kva for fire risikofaktorar som kan nyttast til å føreseie den samla kostnadsrisikoen i tidleg fase av prosjektet, og finn at dette er kontraktstype, risikostyring, kontraktskostnad og kontraktsvarigheit. Desse faktorane bør spele ei rolle for interessentane i tidlegfase når ein skal avgjere om prosjektet skal vidareførast eller ikkje (Badawy mfl., 2022). Når det gjeld studiar som ser på effektiv bruk av inngangsdata, viser resultatane til Badawy (2020) at dei effektive faktorane i kostnadsestimatet på eit tidleg stadium i byggeprosjekt er talet på etasjar og arealet av etasjane. Ein annan studie som hentar empiri frå byggeprosjekt, er Pujitha og Venkatesh (2020). Her viser forfattarane til positive resultat på estimatnøyaktigheit ved bruk av einingskostnader baserte på dagens kostnad. Fragkakis mfl. (2011) ser i sin studie på korleis bruk av ekspertar gjennom tre stadium gir raske og pålitelege resultat som kan vere særst nyttige i dei tidlege stadia av eit prosjekt. Gardner mfl. (2016) studerte spesifikt korleis ein kan minimere innsats når ein legg inn data, og samstundes produsere tilstrekkeleg nøyaktige konseptuelle estimat, og Karaca mfl.

(2020) viser til å bruke «top-down»-modellar for komplekse prosjekt med små utvalsstorleikar. Torp og Klakegg (2016) peikar også på nytten av å bruke «top-down»-tilnærmingar. I tillegg peikar forfattarane på kor viktig det er å ha ein godt planlagt og strukturert prosess med dei rette ekspertane. Studien frå Bodendorf og Franke (2021) peikar på bruken av maskinlæringsmodellar som nyttige for å produsere nøyaktige estimat.

Ein raud tråd i studiane som er gått gjennom, er at dei verkar å erkjenne den høge usikkerheita som pregar tidlegfasen, og dermed behovet for å forbetre metoden og prosessen for å få meir presise kostnadsestimater. Hovuddelen av studiane ser på korleis kostnadsestimertingsprosessen kan gjennomførast effektivt, enten ved å peike på kva for faktorar ein særleg bør ta omsyn til, eller ved tilrådingar om meir generelle grep som val av modell eller organisering. Ut frå resultatene av gjennomgangen, er det derimot ikkje mogeleg å konkludere med at ein spesifikk modell er meir egna enn andre. Til dette er utvalet av studiar for lite og for heterogent i form av spreiding på sektor, land og tid. Noko gjennomgangen likevel peikar på, er tilrådingar om å nytte ei «top-down»-tilnærming for kostnadsestimerting tidlegfase. Her trekker ein fram at dette både er kostnadseffektivt, men også egna for å produsere realistiske estimat under høg usikkerheit.

Dei innsamla data representerte eit ganske breitt geografisk område. I den aktuelle søkeperioden frå 2011 til 2022, gjorde vi også fleire funn frå 2015 og utover enn frå dei tidlegaste åra (2011-2013), der berre fire relevante studiar var publiserte. Dei 21 studiane frå søket vårt representerer berre ein brøkdel samanlikna med mengda av studiar av kostnadsoverskridingar og kostnadskontrollpraksis i seinare prosjektfasar. Dette peikar på at det er eit klart kunnskapsgap knytt til kostnadsestimerting i tidlegfase.

## 6 Retningslinjer for kostnadsestimering i offentlege etatar i Noreg

Dette kapittelet startar med ei skildring av Statens prosjektmodell og kva krav og forventingar til kostnadsestimering som stillast til prosjekta som fell inn under denne ordninga. Vidare ser vi på retningslinjer og praksis for kostnadsestimering i offentlege etatar i Noreg.


### 6.1 Statens prosjektmodell og kostnadsestimering

Planlegging av større offentlege prosjekt er ein kompleks prosess der det ofte tar fleire år frå første gong idéen vert lagt fram til sjølv gjennomføringa av prosjektet startar. For større offentlege prosjekt i Noreg, strekkjer den formelle tidlegfasen seg frå mandatet om å setje i gang konseptvalutgreiinga til prosjektet vert godkjent i Stortinget (etter KS2) (Samset og Volden, 2014), sjå også figur 6-1. Varigheita av tidegfasen er ikkje eintydig. Ulike studiar viser til ulike tidsspenn, og der er også variasjonar mellom ulike sektorar. Økland mfl. (2019), oppgir den formelle delen av tidlegfasen (frå forstudiar til avgjerd om investering) til å vere sju år for bygg, ti år for jernbane og 14 år for veg. Rett nok er ikkje alle prosjekta studerte i deira materiale KS-prosjekt, men studien viser at vi snakkar om relativt lange tidslinjer.

Statens prosjektmodell vart innført i Noreg i år 2000 som eit resultat av ei lang rekkje negative erfaringar med kostnadsoverskridingar, forseinkingar og manglande gevinstrealisering i offentlege investeringsprosjekt. Statens prosjektmodell er etablert som felles rettleiing for korleis statlege investeringsprosjekt skal planleggast og styrast på overordna nivå. Vi skal her sjå nærare på korleis han omtalar og set krav til kostnadsestimering.

Statens prosjektmodell er eit generelt rammeverk som omfattar dei fleste typar prosjekt som staten finansierer. Alle etatar som planlegg og gjennomfører investeringsprosjekt og er underlagde Statens prosjektmodell, må følge denne. Dei andre etatane har tilsvarande krav bygde inn i sine modellar, og logikken er også tatt i bruk i både fleire fylke og store kommunar. Statens prosjektmodell har derfor vorte eit dominerande rammeverk for planlegging og gjennomføring av offentlege prosjekt. Såleis har det også stor påverknadskraft. Rammeverket set krav, men gir i liten grad detaljinstruksar for korleis etatane skal leve opp til desse krava. Det er derfor ein god del rom for tilpassing til det enkelte type prosjekt, organisasjon og marknad.

Figur 6-1 speglar både Statens prosjektmodell med krav om ekstern kvalitetssikring, og dei viktigaste fasane og overordna avgjerdene i store statlege investeringsprosjekt. Figuren set prosjektet inn i verdiskapings-perspektivet ved å framheve at vi startar med eit behov og sluttar med at løysinga vert tatt i bruk og dermed får ønska effekt for brukarane. Modellen definerer også tidsperioden som vi fokuserer i denne rapporten – frå start og fram til KS1.



**Figur 6-1** Illustrasjon som speglar Statens prosjektmodell og dei standardiserte fasane og overordna avgjerdspostane i statlege prosjekt

Frå starten vart Statens prosjektmodell berre omtala som «KS-ordninga». Ved innføringa omfatta ordninga berre kvalitetssikring av kostnadsoverslag og styringsunderlag (KS2) før investeringsavgjerd i Stortinget. Seinare, nærare bestemt i 2005, innførte ein også kvalitetssikring av konseptvalet før eit eventuelt regjeringsvedtak på å vidareføre prosjektet til forprosjekt. Kvalitetssikring av konseptvalet er det vi i dag namngir som KS1. Både i KS1 og KS2 er det eksterne konsulentar som gjennomfører kvalitetssikringa.

Føremålet med konseptvalutgreiinga (den første delen av tidlegfasen), er å utarbeide eit avgjerdsgrunnlag for å kunne gjere eit konseptuelt val som skal vidareførast til forprosjektfasen. Konseptvalet er den avgjerda som mest sannsynleg har størst påverking på eit prosjekt sin strategiske suksess, dvs. korleis prosjektet innfrir føremålet i samfunnsperspektivet, knytt til nytteverdi, langsiktig verdiskaping og levedyktigheit (Samset, 2014; 2010). Dette handlar om sjølve grunnidéen bak prosjektet, og å finne den rette løysinga (konseptet) til det prosjektutløysande behovet, altså *å gjere det rette* (Williams og Samset, 2010).

Feil konseptval kan få store konsekvensar for samfunnet, og vi treng derfor kunnskap om korleis vi skal kunne ta dei gode avgjerdene i denne fasen av eit prosjekt. Kostnadsestimatet er ein vesentleg faktor i så måte.

Men kostnadsestimering er utfordrande i denne fasen grunna høg grad av usikkerheit på grunn av liten tilgang til informasjon og umodne prosjektomfang. I tidlegfasen gjennomfører ein ofte kost-/nytte-analysar for å velje den beste konseptuelle løysinga. Usikkerheita i kostnadsestimatet skal uttrykkest ved å gi verdiar for både P50 og P85. Det alternativet som har best kost-/nytte-forhold, er den beste investeringa for samfunnet. Estimata på dette stadiet er overordna og upresise, både på nytte og kostnad. Dette er ein naturleg konsekvens av den store usikkerheita som pregar tidlegfasen. For planleggarane representerer dette ei stor utfordring. Dei skal både grunnngi eit tidleg val i ein usikker kontekst og samstundes vert dei utfordra på å levere eit tidleg, bindande estimat.

Finansdepartementet og dei som utvikla Statens prosjektmodell, innsåg tidleg at det var behov for hjelpemiddel for å kunne lukkast med å utarbeide gode kostnadsestimat. Derfor vart det etablert rettleiarar<sup>2</sup> for til dømes kostnadsestimering og omgrepa som gjeld for KS1 og KS2. Det er lite praktisk hjelp til å utføre estimering i desse rettleiarane. Dei definerer omgrep og enkelte viktige prinsipp.

Ein av rettleiarane, *Veileder nr. 6*, omhandlar kostnadsestimering konkret, og inneheld ei nyttig oppsummering og systematisering av estimeringsprosessen. Denne plasserer ansvaret for å ta vare på erfaringstal og gjere dei tilgjengelege for prosjektplanleggarane på verksemda. Rettleiaren klarlegg ein del prinsipp for handsaming av desse erfaringsdata, og set krav til at prosjekta skal ha ein estimeringsansvarleg med relevant kompetanse. Ein kan også lese rettleiaren slik at han avgjer at ein skal starte med eit deterministisk estimat (utan usikkerheit) og så gjennomføre ei eiga analyse med stokastiske metodar (med usikkerheit).

## 6.2 Retningslinjer for kostnadsestimering i offentlege etatar

Retningslinjer og andre førande dokument for kostnadsestimering i dei offentlege etatane ansvarlege for store investeringsprosjekt vart kartlagde av Berg mfl. (2022). Dette kapittelet er i stor grad ei samanfating av denne kartlegginga, som også baserte seg dels på innspel frå kontaktpersonar i etatane. Kartlegginga viste at måten ein utarbeider kostnadsestimat på er relativt lik mellom etatane. Både Statens vegvesen, Statsbygg, Forsvarsbygg og Forsvarsmateriell nyttar stokastisk

---

<sup>2</sup> <https://www.ntnu.no/concept/veiledere>

kostnadsestimering, der usikkerheita i ulike element i estimatet vert estimert gjennom gruppeprosessar, og metodane ein nyttar er i all hovudsak i tråd med beste praksis internasjonalt (Welde og Torp, 2016). Felles for etatane er at metode og styrande dokument vert jamt oppdaterte.

### **Statens vegvesen**

Statens vegvesen utarbeider kostnadsestimat for vegprosjekt ved bruk av anslagsmetoden, som er ein metode for å rekne ut usikkerheit. Metoden er beskriven i handboka *Anslagsmetoden* (Statens vegvesen, 2021). Anslagsmetoden ligg til grunn i alle fasar, men nyttast meir overordna i tidlegfasen.

Anslagsmetoden skal gjennomførast som ein gruppeprosess i alle fasar av eit vegprosjekt – utgreiing, kommunedelplan og reguleringsplan, irekna tidlegfase. Det skal utarbeidast eit nytt, sjølvstendig kostnadsoverslag for kvar fase. Graden av detaljar og kunnskapen om prosjektet vil auke dess lenger ut i planfasane ein kjem, samstundes med at usikkerheita går ned.

Anslagsmetoden bygger på at ei ressursgruppe, under leiing av ein prosessleiar, arbeider seg systematisk gjennom prosjektet, med tanke på å finne eit mest mogeleg realistisk kostnadsoverslag med usikkerheit. Anslagsmetoden er dermed ein slags miks mellom intuitive metodar (ekspertvurdering) og analogisk metode (bruk av historiske erfaringstal).

### **Statsbygg**

For dei store byggeprosjekta i Statsbygg, er det dokumenta *Kostnadsestimering i Statsbyggs prosjekter – overordnet om prosess, roller og ansvar* (Statsbygg, 2021) og *Usikkerhetsanalyse, interne* (Statsbygg, u.å.) som gir overordna skildringar av prosessane, rollene og ansvaret knytt til estimering av kostnader og usikkerheit.

Alle kostnadsestimat i Statsbygg sine prosjekt skal gå gjennom analyse av usikkerheit. Det er seksjon for økonomi og analyse i Statsbygg som er ansvarleg for å utarbeide kostnadsanalysar og analysar av usikkerheit, irekna å sørge for godkjenningssprosessar i samsvar med kvalitetssystemet for kostnadsestimering. Seksjonen har fag- og metodeansvaret for kostnadsestimeringsprosessane, og er organisert i ei eiga fagavdeling i Statsbygg.

Estimeringstilnærming vert tilpassa kor modna prosjektet er, men hovudprinsippa er stokastisk estimering basert på «top-down» i tidlegfase (parametrisk metode), og tradisjonell deterministisk estimering gjennom «bottom-up» (eventuelt kombinasjon) etter kvart som prosjektet modnar frå tidlegfase og fram mot forprosjektet.

På same måte som i Statens vegvesen, gjennomfører Statsbygg analysen av usikkerheit som ein gruppeprosess sett saman av ressurspersonell og leia av ein prosessleiar.

Kor lenge gruppeprosessane varer, kan variere frå fleire dagar for dei største prosjekta til berre nokre timar for dei mindre. Sjølve prosessen varierer også, men normal praksis er at usikkerheit i estimatet og drivarar for usikkerheit vert vurderte kvar for seg i ulike prosessar/møter, særskilt for prosjekt over 50 millionar. Prosessane inneber både kvalitative og kvantitative vurderingar (trippelanslag) av kalkylepostane og drivarane for usikkerheit.

### **Forsvarsmateriell og Forsvarsbygg**

Materiell og bygg til Forsvaret vert skaffa gjennom høvesvis Forsvarsmateriell og Forsvarsbygg. Kostnadsestimering og analyse av usikkerheit vert gjennomført innanfor rammene av forsvaret sitt felles prosjektstyringssystem- PRINSIX. Prosessane er beskrivne i *Veiledning i håndtering av usikkerhet* (Forsvaret, 2008). Prosessen liknar i all hovudsak på det som vert gjort i Statsbygg og Statens vegvesen med omsyn på stokastisk kostnadsestimering (til dømes parametisk metode), med monaleg innslag av ekspertvurdering (intuitiv metode).

For både materiell og bygg, kan ein gjennomføre fleire analysar av usikkerheit på ulike nivå gjennom prosjektutviklingsprosessen. Analysane kan vere alt frå raske idé-dugnader, til heilskaplege og uavhengige kvantitative analysar.

I Forsvaret, er grunnlaget for analysen av usikkerheit basert på ei kalkyleinndeling i åtte postar, i tillegg til ei rekke underpostar. Ein utarbeider ein grunnkalkyle som viser sannsynleg kostnad gjennom eit tripplestimat for alle kalkyleelement. For materiell, er leiing av usikkerheit eit eige kompetanseområde i PRINSIX. Forsvarsmateriell har eige personell som skal støtte i gjennomgang av usikkerheit, og estimeringsprosessen er to-delt. Den kvalitative delen er sett saman av gruppeprosessar og leiing av usikkerheit. Talet deltakande i ein gruppeprosess er normalt mellom fem og tolv personar. Prosessleiar er i dei fleste tilfella intern, men kan også vere ein ekstern konsulent innleigd gjennom rammeavtaler. Prosessen varer normalt ein til to dagar avhengig av storleiken og kompleksiteten på prosjektet. Den andre delen av estimeringsprosessen er kostnadsleiing, der ein gjennomfører kostnadsestimeringa.

Når det gjeld å kome fram til mest sannsynleg verdi i grunnkalkylen, finst det lite statistikk for dei fleste av materiellprosjekta. Forsvarsmateriell nyttar i stor grad førespurnader til industrien både rundt løysingar og kostnadsbilete, og nyttar i mindre grad prisdatabasar med oversikt over historiske prisar. Dette skuldast at kvart enkelt prosjekt i forsvarssektoren i større grad er «unik» eller så spesielt at

ein ikkje utan vidare kan samanlikne med tidlegare prosjekt. Mange av dei store forsvarsprosjekta representerer også store teknologiske løft som følge av lange utviklingsløp. Derfor er det heller ikkje nokon systematikk i at forsvarsprosjekt ser på erfaringsrapportar frå andre prosjekt i estimeringsprosessen (Welde og Torp, 2016). For Forsvarsbygg, er mogelegheita for å innhente relevante erfaringsprisar større, som kan kome frå referanseprosjekt eller oppslag som til dømes Norsk prisbok.

Kvalitetssikring av kostnadsestimat i forsvarssektoren inneber ein høyringsprosess til relevante aktorar i sektoren før godkjenning av prosjektet. Denne prosessen inkluderer godkjenning av kostnadsestimata.

### **Jernbane**

